

Tiandeklassingane stilte opp og vaska!

06.05.2009



Snart er jobben gjort av dei flinke tiandeklassingane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei som trur at ungdommen ikkje stiller opp og gjer ein innsats når det trengs, må tru omatt.
Onsdag kveld gjorde 11 som går i tiande klasse på Rosendal ungdomsskule ein stor jobb med vask i dei nye garderobane i Aktivitetshuset.

Dette er bakgrunnen:

For stutt tid sidan annonserte leiinga i det endeleg fullførte Aktivitetshuset at det skulle vera vaskedugnad i styrkerommet og garderobane. Diverre møtte det berre tre frå leiinga til dugnaden og berre styrkerommet vart vaska. Den einaste mogelege løysinga var då innleige av arbeidskraft for fullføring av jobben.

Men då tente Aleksander Rebaudo, som er klassekontakt. Han tok kontakt med styreleiar Bjørn Olav Tveit og opplyste at elevane var viljuge til å vaske fordi gutane såg fram til snarleg treningsstart i det nye styrkerommet. Tveit berømmede elevane for initiativet og ønskte dei hjarteleg velkomne.

Dugnaden fann stad onsdag og på vel to timer var jobben gjort.

- Dette rommet har vi venta på lengje, sa gutane, som no ser fram til å kunne trena i Uskedalen i staden for å måtte reisa til Rosendal.

Men det høyrer med til historia at nesten like mange jenter som gutter var med på dugnaden og at ein av 11 var frå Rosendal!

Her er deltakarane i dugnaden:

Aleksander Rebaudo, Birger Bauge, Karsten Tungesvik, Thomas Halvorsen, Gaute Moberg, Erik Rowe (Rosendal), Silje Bråtun, Silje Mathisen, Ellen Karin Moen, Birgitte Hjelmeland og Kristine Ludvigsen.

Av Ola Matti Mathisen